

Gunnvor og Dagfinn Hope

Litlåsvegen 87

5953 Fønnes

30.11.2015

Posten Norge og Lindås kommune

Merknad / protest til endring av postnummer fra 5953 til 5955

På ein urettvis måte har me som bur på Hope fått endra postnummer frå 5953 Fønnes til 5955 Lindås.

Ut i frå informasjon fra Posten trudde me det var Posten sine reguleringar som var bakgrunn for endringa. Men me har fått kjennskap til at det er kommunen som har tatt initiativet på bakgrunn av innspel frå ein eiskild person som bur i Kjeilen. Vedkommande gjer seg til talsmann både for Hope og Kjeilen.

I brevet som me har fått i frå kommunen av dato 16.11.2015 står det sitat: «Bakgrunn for at Lindås kommune søkte Posten om slik endring var fleire henvendinger frå innbyggare i området som viste til stor enighet i området om slik endring.»

Dette er direkte løgn. Ingen fra det berørte området har bede om denne endringa. Det er for oss heilt klart ei formulering kommunen bruker for å dekke over kva som er den eigentlege årsaka. Når me no er oppmoda om å senda merknader til Posten (som faktisk handla ut i frå oppmoding frå Lindås kommune), opplever me ei ansvarsfråskrivning frå kommunen.

Det er ingen andre enn Lindås kommune som må ordne opp i dette.

Me kjenner ikkje att argumenta for å endre til 5955 Lindås.

Me går heilt klart i frå eit godt posttilbud i vårt nærmiljø og kan ikkje sjå noko behov for endring så lenge post i butikk på Fønnes er tilgjengeleg. Avstanden for oss til Fønnes er 3 km, mot 12 km til Lindås.

Me forventar at Lindås kommune ryddar opp, og saman med Posten sørger for å endre tilbake til 5953 Fønnes innan 1. januar 2016.

Med helsing

Gunnvor og Dagfinn Hope

Litlåsvegen 87

5953 Fønnes